



Kvinnherad Næringservice kjem ikkje. No blir 2. etasje i den gamle samyrkelagsbygget truleg nytta som leiligheit. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det blir likevel ikkje aktuelt å flytta kontoret til Kvinnherad Næringservice til Uskedalen – i hvert fall ikkje no. Styret har bestemt at kontoret skal vera der det er – inntil vidare. Det ligg i Lonabrotet på Husnes.

Det var den daglege leiar Knut Førland som lanserte Uskedalen som eit alternativ på bakgrunn av at bygda ligg så sentralt i kommunen og at ein då ville liggja sentralt i høve til alle medlemmene. Men styret sa ikkje overraskande nei i det siste møtet sitt.

- Det som tala for at vi ikkje skulle flytta var mellom anna at vi har hovedtyngda av medlemmene våre i Husnes/Sunde-området og for tida også har store arbeidsoppgåver i samband med nyetableringar her. Og det er jo ikkje ulogisk at vi har "basen" vår der senteret i kommunen ligg, med omsyn til næringsverksemd, seier Førland til uskedalen.no.

Men han kan gjerne kan tenkje seg Uskedalen som møteplass når det er aktuelt med møter av noko slag.
- Og det skjer jo også så mye anna positivt i Uskedalen, legg han til..

Viss flyttinga til Uskedalen var blitt av, ville Kvinnherad Næringservice truleg ha flytta inn i 2. etasje i det gamle samyrkelagsbygget. Denne etasjen har i haust vore under renovering ved dei nye eigarane E&M Holding (Alf Eidsvik junior og Trond Myklebust).

Viss det ikkje blir noko av flyttinga, vil 2. etasje bli nytta som leiligheit, har Eidsvik opplyst tidlegare.

Av Ola Matti Mathisen